

Amtsskulen på Moholt

Av Ola Storhaugen

Bakgrunnen for Amtsskulen

I andre halvparten av 1800-talet var det stor interesse for folkeopplysning her i landet. Dei frilynte folkehøgskulane kom til i denne tida. Søndre Trondhjems Amt, som 1. januar 1919 vart til Sør-Trøndelag fylke, kom også med skuletilbod i bygdene. Det er ei gamal forestilling om at ideen om amtsskular kom frå ei konservativ regjering som eit motiltak mot folkehøgskulane, som vart rekna som alt for radikale. Dette er det vel også noko rett i, men det er likevel berre den eine sida av saka. Den første løyvinga til amtsskulane vart gjeve av eit Storting der folkehøgskulane hadde mektige venner. Slik vart vidaregåande skulegang for bygdeungdommen sett ut i livet. Etter at formannskapslovane var innført i 1837, og det kommunale sjølstyret tok til å fungere, auka behovet for kunnskap hos folk.

Stortinget vedtok i 1875 at ungdom som hadde fullført folkeskulen i landdistrika skulle få høve til å gå på amtsskule, som alt da vart kalla "videregående skole". Denne skulen kunne gi grunnlag for opptak ved lærarseminar, befalsskule osv. Vi finn att elevane som framståande bønder, lærarar, offiserar, ingeniørar, prestar og forfattarar.

Kven skulle ha mest å si over amtsskulane, var det enten det trekløver av kongelege embetsmenn som heitte stiftsdireksjon (stiftamtmann, biskop og skuledirektør), eller amtstinget? Dei som ville at amtstinget skulle ha mest å si, vart skulda for å ville verdsleggjere amtsskulen og opne for lausriving av alt skulestell frå kyrkja. Dei som ville legge skulane i stiftsdireksjonens hender, ville verne om embetsmannsveldet og tyne folkehøgskulen, men opposisjonen fekk gjennomslag for at styringa skulle ligge til det folkevalde amtstinget. Stortinget vedtok med 58 mot 50 stemmer at styringa skulle skje gjennom ein komité som skulle bestå av skuledirektøren og medlemmer av amtstinget. Komitéen skulle også gi innstilling om tilsetting av lærarar ved skulen. I dei første åra var det ofte teologar som var styrarar ved amtsskulen, men etter kvart fann dei seg betre lønna prestestillingar.

Amtsskulen kjem til Sør-Trøndelag

I Sør-Trøndelag vart det danna to flyttbare amtsskular, stort sett ein for dei indre bygdene og ein for dei ytre distrikta. Den eine skulen kom til Børsla i 1876, og same året kom ein slik skule på Ørlandet. Det var amtstinget som bestemte skulestad år for år. Som regel var skulen på same stad to år på rad. Det var stor rift i amtstinget om å få den flyttbare

skulen til si eiga bygd. Årsmeldingane frå skulen er attgjevne i dei trykte amts-tingsforhandlingane. Av dei som har gått på den flyttbare amtsskulen i Sør-Trøndelag, nemner vi: Johan Bojer, Olav Gullvåg og Martin Tranmæl.

Skuleplanar og årvisse meldingar gjev oss førstehands opplysningar om både fagkrins og arbeidsmåte, som ein måtte velje og tilpasse seg, etter det *mål* som ein sette seg:

I Tilslutning til Almueskolens Virksomhed at meddele den fra samme udskrevne Ungdom en videregaaende Oplysning, affasset efter Landbefolkningens Vilkaar.

Ved Undervisningen havestaaledes for Øje:

For det første: I Almindelighed at vække Elevernes Aandsliv og Aandseverner.

For det andet: At meddele dem saadanne Kundskaber og Færdigheder som de i det senere Liv mest vil have Brug for.

Eller som ein av dei beste tenarane i amtsskulen ein gong sa det: "Maalet er at gjøre Eleverne til sandhedskjærlige, samvittighedsfulde, dyktige og gode Medlemmer af Stat og Kirke."

Her skal bibellesnad "med det Formaal for Øjet at vejlede Eleverne til selv med Frugt at bruge den hellige Skrift". Dei skal få kjennskap til "Kirkeaarets og

Gudstjenestens Ordning". "Grundtrækene af Norges Statsforfatning og kommunale Lovgivning" skal høre med i historieundervisninga, der det sentrale må vera medleving i fedrane sin tusenår lange strid for sjølve livet og livsutfaldinga - for fridom og rett. Men der skal ein og finne plass for skildringar frå verdshistoria "af de for Kulturudviklingen mest betydningsfulde Begivenheder og Personligheder". I geografi skal ein serleg ta seg av "Fædrelandets Næringsforholde, belyst med statistiske Opgaver". I naturkunnskap "Sundhedslære, de for Menneskenes vigtigste Dyr og Planter. Naturkræfterne og deres praktiske Anvendelse". Under rekning og utmålingslære skal ein m.a. ha med "Regnskabsførsel, Maaling og Beregning af geometriske Flader og Rum. Øvelse i at optage Kart over Landejendomme, Tegninger af Huse o.l. og dertil knyttede lettere Beregning og Overslag". Men *hovedfaget* var "Mordersmaalet".

Her skulle elevane få kjennskap til våre litterære skattar, "diktningens skjønnerhetsverden", dei skulle læra seg å *lesa* på ein slik måte at det vart ein lyst, møte bøkene som kjelder der ein kunne sløkkje kunnskapstørsten, - - - eller som sol og dag, som får skodde og mørker til å svinne, så ein kan sjå omverda *slik ho er*. Dei skulle få råd og kjennskap til det liv og dei lover som hadde forma - og omforma - morsmålet, og dei kunne få råd og rettleiing, så dei sjølve kunne læra seg å nytte det i tale og skrift.



Peter Dybdahl 1842 - 1912.

Peter Dybdahl var frå Rissa og gjekk ut frå Klæbu Seminar som nr. 1 i 1862. Han var styrar ved Amtsskulen frå 1879 til 1910. Han var kjent som ein dyktig lærar, og han sparte seg heller ikkje. Dei zoologiske og anatomiske plansjane hans var kjent over heile landet, og enda lenger. Noregskartet og læreboka hans i anatomi og helselære var og godt kjent. Han vart mykje brukt som foredragshaldar i arbeidarakademia. Skulen hans var høgt verdsett og vart da også kalla "Dybdahls skule". Petter Dybdahl fekk en veg oppkalt etter seg på Moholt: Dybdahls veg.

Dybdahl fekk Borgardådsmedaljen i 1909 og døde i 1912 av hjartelaming. Elevar reiste ein vakker gravstein på grava på Lademoen kirkegård i samarbeid med Ut-Trøndelag Ungdomslag. I heimegrenda Djupvika i Rissa reiste Rissa ungdomslag og Rissa folkeminnelag ein minnestein for Peter Dybdahl i 1950.

Lærarane skulle *fortelje*. "Den Undervisning, ved hvilken det fornemmelig tilsigtes at udvide Elevernes Kundskaber, meddeles dem gennem Foredrag". Er det så at "det levende ord" er eit kjennemerke på *ein folkehøgskule*, har amts- og fylkesskulene vore folkehøgskular i alle sine dagar. Men elevane vart også pålagde å sjå vel etter kva det stod i bøkene om den saka eller det emnet som det vart fortalt om. Og så - "for at befæste Stoffet i Elevernes Erindring" bør ein ta noko tid til samtale om det. Der bør og "stadig stilles dem Opgaver til skriftlig Besvarelser". Planane og arbeidsreglane vart så visst inga tvangstrøye. Dertil var dei for romslege. Både styraren og dei andre tilsette fekk stor nok fridom til å nytte ut evnene sine.

Styraren Peter Dybdahl skreiv i 1902 i ei innberetning til amtstinget, som er gjengitt i amtsformandskabets forhandlinger for året 1903: *Naar vi nu skal afslutte det omflakkende Liv, maa det holdes os tilgode, om vi glæder os til Forandringen. Men paa den samme Tid har ogsaa Flytningen havt sine fordele. Vi blev godt kjendt udover Amtets Bygder og har stiftet mange gode Bekjendtskaber baade med Unge og Gamle. Det siger sig selv, at Arbeidet ved en ambulerende Ungdomsskole er besværlig og opsli-dende. Og dog har vi ofte sporet gode Resultater af vor Virksomhed, takket være Ungdommens gode Villie og de Eldres Offervillighed og Hjælpsomhed.*

I 1901 vedtok Amtstinget at frå neste år skulle Peter Dybdahls skule omdannast til ein fast skule med skulekjøkken og sløydsal. Lokaliseringa av den faste Amtsskulen skulle bli avgjort etter at kommunane Ørland, Orkdalen, Soknedal og Strinda hadde kome med tilbod. Berre Strinda hadde levert tilbod som samsvara med amtets krav. Strinda ville reise dei nødvendige bygningane, på vikår av at Amtet ville drive skule på staden "til evig" tid. Men Amtet ville ikkje love meir enn 15 år, utan ny avtale. Skuleanlegget vart seinare selt til Amtet. Det ser ut til at strindingen Paul Fjermstad (1841-1921) har hatt ein finger med i spelet her. Paul Fjermstad var lærar og bonde, dessutan var han både ordførar og stortingsmann. Paul Fjermstad har også fått oppkalla ein veg etter seg på Moholt. Plasseringa av den faste

amtsskulen til Strinda gjorde at orkdalingane vart vonbrátne, og lokale krefter skipa sin eigen folkehøgskule på Torshus. Etter eitt års drift fekk også denne skulen stønad frå amtet.


Amtsskulen på Moholt

Til skulestad for den faste amtsskulen vart det kjøpt inn 5 dekar av Reitgjerdet på Moholt ved Strinda hovedkirke. Her reiste Strinda kommune ein stor toetasjes bygning, med to fløyer, kjellarrom under heile bygningen og internat på kvisten. Det var to skulesalar, matsal og sløydsal, men det mangla gymnastikksal. Peter Dybdahl tykte at alt var praktisk og tenleg.

I august 1902 vart flytting av skulen frå Meldal gjennomført, dessverre i ausande regnver. Bygningen var enno ikkje



Strinda hovedkirke i forgrunnen. Amtsskulen på Moholt i bakgrunnen. Kirka vart innvigd i 1900. Foto: Olaf Sødahl & Co. Kopi frå Universitetsbiblioteket i Trondheim.



Bildet er tatt frå kirketårnet, da Amtsskulen var ny - rundt 1905. Bygningen i forgrunnen er Kirkestua - bustad for kirketenaren. Garden til høgre er Reitgjerdet, som Strinda kommune kjøpte tomt av til Amtsskulen - av Strindens teglverk. Bak denne er garden Brøset, som brann ned i 1931.

Bilde utlånt av Peder Mo.

ferdig, men ein del rom var såvidt istand til at flyttegodset, som alt var pakka i kassar, kunne få plass. Kurset var annonsert til 1. oktober, men måtte utsettast i 8 dagar, fordi det var umogleg å få ferdig lokala til fastsett tid.

Det hadde meldt seg 70 søkjarar til skulen. Av desse vart 60 tatt opp som elev-ar, 20 jenter og 40 gutar. Medan skulen var flyttbar, kom 1/3 av elevane frå den bygda der skulen heldt til. Gjennomsnittstalet for elevar frå den bygda der skulen låg, var på 18, medan den faste amtsskulen på Strinda hadde berre 9 strindingar i gjennomsnitt. Hadde søknaden frå bygda vore like stor på Strinda, ville den faste skulen ha vore overfylt. På denne bakgrunnen følte

kommunen seg under press av utgiftene ved skulen. Og ein kan heller ikkje undrast over at Strinda ikkje kjente noko kall til å "halde gratis skule for dei andre bygdene i amtet".

I amtstinget vart det sagt at med dei store utgiftene til amtsskulen låg det nært å gjera skulestyraren ansvarleg for at han hadde kjøpt inn materiell og inventar på eiga hand, utan samtykke frå amtsskulestyret. Men Peter Dybdahl kunne dokumentere at alt hadde gått rett for seg. Dybdahl peika elles på at det er sjølsagt at det blir meir kostbart å drive ein fast skule enn ein flyttbar skule. Ved den flyttbare skulen slepp ein kostnader med internat. Til dette kjem det at den faste amtsskulen er lagt til Strinda, som er ein

av stadene i amtet der levekostnadene er størst. Dette gjer at kvar elev ved den flyttbare skulen kostar ca. 65 kroner, medan ved den faste skulen kostar kvar elev ca. 128 kroner, altså det dobbelte. Men dette skyldes ikkje feil nokon stad. Det var nettopp den kostbare skulen ein ville ha, da den billige hadde overlevd seg sjøl. Det er dei nye praktiske faga som kostar. Dersom ein tok bort dei praktiske faga, ville den faste skulen vera like billig for stat og amt som den flyttbare var.

Peter Dybdahl skreiv i årsmeldinga for 1902-03:

Af pigerne boede 4 saanær, at de kunde bo hjemme, hvad da ikke kunde negtes dem. Resten ble interneret paa Skolen. Samtlige Gutter har boet paa de omliggende Gaarde, men spist Middag paa Skolen.

Det er en Fornøielse at arbeide i disse store og bekvemme Lokaler, og det er en Glæde at faa knytte en Smule praktisk Virksomhed til den megen Teori, ihvorved jeg ikke er blind for, at de to Virksomheder ikke netop støtter hverandre. Jeg har følelsen af, at der arbeides under et vist Pres. Her er kommet til flere nye Fag, og for at skaffe Plads paa Tabellen, har man været nødt til at knappe af Tiden for flere viktige Fag, t. Eks. Geografi og Norgeshistorie, saa der nu til disse Fag er færre Timer end før. Navnlig falder det lidt strængt for Pigerne, som skal pleie baade Haand-

arbejderne og Husholdningsvæsenet og alligevel følge med Guttene i det Teoretiske.

Saavidt jeg har kunnet forstaat, har Pigerne som Regel interessered sig for de huslige Arbeider, om end enkelte engang i mellem kunde ytre en Smule Misfornøielse med at skulle staa og vaske Klær og "lave Mad til den store Gutteflok" hvad de efter egen Mening nu kunde, istedetfor at "faa lære noget, som de ikke kunde". Hvad Elevernes Forhold angaar, saa har det saavidt mig bekjendt været tilfredsstillende, saavel paa Skolen som ude i Bygden. Vi har ingen Vanskeligheder haft i anledning Fællesundervisningen. Tvertimod, det synes, som om de to Kjøn har virket opdragende paa hinanden og øget Ansvarsfølelsen og Kappelysten.

Her kan det skytast inn at mens skulen var flyttbar, vart det halde eige gutekurs om vinteren og kortare sommarkurs for jentene. Petter Dybdahl heldt fram:

Udenfor Skoletiden har Eleverne havt sine Sammenkomster til Diskussion, Sang, Foredrag og Oplæsning. Desuden har Bestyreren holdt Foredrag om Livet i Havet, Gnisttelegrafene, Skillingslitteraturen, om Bakterierne, Ederkoppene, Katteslægten m. fl., ledsaget dels af Eksperimenter, dels af Lysbilleder.

En Stund Efter Jul gav Eleverne en liden Aftenunderholdning med Sang og

Musik samt Deklamation og Opførelse af etpar Smaastykker, som findes i Læsebogen. Senere udpaa Vaaren holdtes "Festen til Fædrenes Minde". Til begge disse Tilstelninger var Forældre, Husværter og endel andre indbudne af Eleverne. Ved saaledes at gjøre det lidt hyggeligt for Eleverne og skaffe lidt Afveksling i det ensformige og slid-somme Skoleliv, knyttes de unge Mennesker til Skolen og hindres fra at søge sine Adspredelser udenom. Dessuden er det ikke ringe Udvikling i slige Sammenkomster ikke blot ved hvad der ydes af alvorlig og gemytlig Underholdning, men ogsaa ved selve Forberedelsen, Værelsernes Dekoration samt Ordningen i det Hele. Jeg vil derfor ikke undvære disse smaa Fester, men passer selvfølgelig paa at Alting gaar pent og sømmelig for sig, og at der ikke legges formeget Beslag paa Elevernes Tid.

En Dag har vi anvendt til at bese os i Byen. Vi besøgte Malerisamlingen, Industrimuseet, Fiskeriudstillingen, Domkirken, samt Museet i Videnskabernes Selskab. En anden Dag gjorde baade Lærere og Elever en Udflugt til Lerfossene sammen med Amtsskolestyrets Formand, Prost Schielderup, der under et Besøg ved Skolen selv foreslog Turen.

Til Gjengjeld har vi aldrig havt nogen Fridag - end ikke en eneste Gang "Maanedsdlov".



Olav Vasseljen 1866 - 1949. Olav Vasseljen frå Malvik gjekk ut frå Klæbu seminar i 1889. Han kom til Amtsskulen som andrelærer i 1903. Han var styrar ved Amtskulen på Moholt 1915-27. Etter at denne skulen vart nedlagd, var Olav Vasseljen styrar av den flyttbare fylkesskulen på Fosen i 2 år. Han hadde eit serleg lag til å få ungdom i tale. I ungdomsflokken høyrde han heime, og glad som han var i song og musikk, hadde han lett for å gjera samværet i ungdomsflokken kameratsleg og triveleg. Ein blindveg vestover frå Risvollvegen vart oppkalt etter Olav Vasseljen i 1968. Vasseljen arbeidde også med bygdehistoria for Malvik.

Ved kursstart i 1903 fekk ein av dei gamle elvane ved skulen, Olav Vasseljen frå Malvik, stilling som andrelærer. Dette lova godt for skulen, da Vasseljen var ein dyktig og høveleg lærar, som

Den faste amtsskole i Strinden.

Nyt fælleskursus begynder 2den okt. førstkommende og varer ca. $6\frac{2}{3}$ maa-
ned. Skolopengene, kr. 10, betales ved
tiltrædelsen. Gutterne bor paa nabo-
gaardene og betaler kr. 17 pr. maa-
ned for logi, lys, brænde og rønslighed, samt
frokost og aften. Middag faaes paa
skolen a 25 øre. Jentjerne faar logi og
fuld kost paa skolen for 22 kr. pr. maa-
ned. Samtlige elever **medbringer
mængklær.**

Trængende tilstaaes friplads og stip-
pendium samt et lidet beløb til indkjøb
af bøger, naar andragende, fortaget af
det sædvanlige schema, i udf. stand,
inden 4de september indsendes til under-
tegnede. Bøger og andet skolemateriel
faaes ved skolen til bogladepris. Eleverne
tilpligtes at lade sig un-
dersøge af skolens læge
eller ogsaa medbringe læ-
gentest for ikke at lide
af smitsom sygdom.

Maa meder paa skolen kl. 9 fm.
og medbringer skrivematerialier.
26/1 1905.

P. Dybdahl.

- Hvormange Liter indeholder den?
- Hvad veier Petroleummen?
- Hvormeget Jernblik medgaar til Spandet, når der til Hav og Falser regnes 6 pct. i Tillæg.

Vi ser at elevane truleg hadde prak-
tisk sans. Hanken på spannet kalles
"Hav", eit ord som no mest har gått ut
av bruk, men som fins att som spør i
gardsnamnet Havstein og fjelltoppen
Hevillen, som er eit grensemerke
mellom kommunane Selbu, Klæbu,
Malvik og Trondheim.

Her let vi Peter Dybdahl sjøl fortelje
i 1904:

*Dessverre har der ikke kunnet gjøres
noget med "Haven" ved Skolen.
Imidlertid har jeg med Amtsskolesty-
rets Samtykke foretaget endel af de
mest paatrængende Forarbejder.
Der er saaledes kjørt endel Jord paa
den Masse Dødler, der var spredt
udover Marken fra Kjældereren, og
anlagt endel Plæner tilsaaet med
Timotei. I endel af det Jordsmon, der
tænkes anvendt til Have, har jeg tilladt
en Nabo at sætte Potetes.*

også vart styrar ved skulen frå 1915 til
1927.

Dagleg liv på Amtsskulen

Her er ei av rekneoppgåvene som skulle
løysast ved avgangsprøva i 1904:

*Et cylinderformet Melkespand med
Laag er $1/2$ m. høit med 4 dm. Diame-
ter, alt indvendigt Maal. Det fyldes med
Petroleum af Egenvægt 0,8.*

*Vi satte ifjor selv Potetes i Stykket, men
dels blev de ikke modne, dels mindre
gode, og dels frøs de bort, saa der blev
bare Tab. Jeg fant det derfor i vaar rik-
tigst ikke at løbe den Risiko.*

*Men rent uforsvarligt er det, at her ikke
skal findes et Gymnastiklokale, Det*



"Strindens faste amtsskole". Postkort sendt i 1914. Elevane sendte postkort med bilde av skulen. Kortet er utlånt av Ole Georg Nordli.

vækker adskillig Misnøie, at der ikke skal gives Undervisning i Gymnastik, al den Stund Planen siger, at der skal være Gymnastik i 3 Timer for Ugen. Derfor slog Gutterne sig i sammen og leiede Lokalet, hvor der findes endel Gymnastikapparater, og anmodet Bestyreren om, at overtage Undervisningen, hvad jeg jo ikke kunde sige nei til, skjønt jeg fandt det litt leit, at Elev-erne selv til de andre Udgifter ogaaa skulde være nødt til at bekoste Gymnastiklokale. Jeg har henvendt mig til Amtsskolestyret om at bevirke, at Skolen leier Lokalet i Veiskillet - foreløbig til 1 Times Gymnastik for Ugen a Kr. 2.00 pr. Time med Lys og varme, og jeg haaber, vi til vinteren vil kunne have lidt Gymnastik ind paa Timeplanen, saa

denne kommer i nogen Overensstemmelse med Skoleplanen.

Petter Dybdahl hadde sjølv gått på "den gymnastiske centralskole" i 1871-72.

Amtsskulen møter motbør

I 1907 fekk Peter Dybdahl sjukepermisjon frå styrarstillinga på grunn av sviktande helse, og det var usikkert om han kunne halde fram med den skulegjerninga som han hadde så kjær. I den siste årsmeldinga si, 1906-07, nytta Dybdahl høve til å komme med nokre fripostige ytringar:

Gjennomgaaende var elevene vel forberedte og viste god flid og godt forhold.

Men der var ogsaa enkelte med meget smaa forkundskaber, ligesom der fandtes dem, der ikke la sig saa stærkt i tøiet, og hvis forhold der var noksaa meget at sige paa baade i en og anden henseende. Jeg saa mig derfor nødt til efter fornøden konference med amtskolestyrets formand og gjentagen alvorlig advarsel, at udvise etpar stykker fra skolen.

Etpar andre hadde ogsaa vist et mindre godt forhold. Men de fik lov at fortsætte paa visse betingelser. Og vi havde den glæde, at de skikket sig vel. Hvad jeg her er sagt om forholdene gjelder imidlertid gutterne. Saavidt jeg ved, opførte samtlige piger sig ulastelig, ligesom ogsaa flertallet af gutterne.

Det er kun i yderste nød, man griber det middel at bortvise en elev fra skolen. I al den tid jeg har arbeidet ved den flyttbare skolen (ca. 28 aar) har det hændt én gang, medens jeg i de 5 aar, siden skolen blev fast, har været nødt til at skille mig med 3 stykker, én ifjor, og to i aar. Og dog er jeg mig bevidst at have vist den samme aarvaagenhed og samme hensynsfuldhed som før. Det synes som om beliggenheden saaner byen øver en uheldig indflydelse paa de unge mennesker.

Man kan jo ikke godt nægte dem at gaa til byen. De skal jo hente penge, vask eller sager som er kommet hjemmefra. Og saa er fristelsen ude. Jeg har derfor nedlagt forbud mod at gaa til byen uden

speciel tilladelse for hver gang. Men saa hænder det, at en eller anden lister sig avsted alligevel. Enten blir de da traktered, eller ogsaa skal de selv rive i. Og saa blir det formeget. Det er betegnende at saavel den ene ifjor og de to iaar gjorde sig skyldig i fyld og deraf følgende daarskap. Blandt saamange gutter findes en eller anden fuld befaren. Og man sporer snart den uheldige indflydelse paa de andre. Skulde man see gennem fingre med med sligt, vilde eksemplet smitte og det vilde være forbi med den gode tone i skolen, og disiplinen vilde lide altfor meget.

Dette synes at tale for, at skolen saasnart som mulig burde ha sitt eget internat ogsaa for gutter - hvis det da er meningen at skolen skal fortsætte. Alleerede ifjor høst gik jeg gaardimellem og formelig tiggert om logi for gutterne, men uden resultat. Og det var aldeles ikke af vrangvillighed folk sa nei. Der var simpelthen ikke plads, siden 4-5 nabogaardene dels staar tomme, dels er bortsolgt til folk, som ikke ønsker at leie bort. I disse gaarde, som nu af en eller anden grund ikke kan mottage elever bodde der 14 - 16 mand.

For at skaffe plads blir man da nødt til at pakke alt for mange sammen i smaa rum og med alt for mange paa samme gaard, 7 pa gaarden og 4 i et lidet lavt værelse uden ventilation! Men folk er snilde og gjør hvad de kan. Paa et sted maatte de panele af sin bedstestue for at skaffe plads for 2 elever, mens der

boende 6 ovenpaa. Baade det ene og det andet virker til at folk betænker sig paa at sende sine børn til skolen.

Selvfølgelig er det heller ikke heldigt for moralen eller for sundheden, at voksne gutter ligger to og to i samme seng. Ved ethvert internat har de jo hver sin seng, hvad skolens læge bestemt kræver ogsaa for gutterne, men hvad der aldrig blive tale om nu, som ordningen er. Jeg gjentar, hvad jeg ofte har sagt: Skal skolen fortsætte - og der er efter min mening ingensomhelst grund til at nedlægge den, saa maa den faa sitt gymnastiklokale og sit internat ogsaa for gutter.

Gjennom dei 28 åra ved den flyttbare amtsskulen, brukte Dybdahl også å ha med eit avsnitt i dei trykte årsmeldingane om ungdommens moral, eller umoral. Ein kan undrast over at skulestyraren ville publisere såpass grundig om moralen i tida. Var det fordi han ville vise amtstinget at han tok arbeidet alvorleg?

Avvikling

I 1909 oppfordra Strinda formannskap amtet om å overta skulen på Strinda. Saka vart utsett. Den gjeldande avtalen gjekk ut i 1917, og da kjøpte amtet skuleanlegget for ein rimeleg pris, og fekk dertil litt støtte til drifta frå kommunen. Skulen hadde festa slik rot at det ikkje kom på tale å legge han ned da. Det skulle ikkje gå så mange år før den faste amtsskulen verkeleg kom i faresona.

For det første sørgde ikkje fylket for utbygging og modernisering av skulebygget, enda Strinda kommune hadde ordna med rikeleg tomt til det.

Berre få av elevane kunne bo på skulen, i kalde og utrivelege kvistrom. Dei aller fleste var nøydd til å bo hos private og fekk ofte lang skuleveg. På skulen fanst det heller ikkje noko rom der elevane kunne møtast og hygge seg i fristundene. Samtidig reistes den eine etter den andre moderne ungdomsskulen omkring. Fredly ungdomsskule starta i 1899 på Leira i Strinda og flytta i 1903 til Nidarvoll, og i 1986 til Børsa. Torshus folkehøgskule starta i Orkdalen i 1903, Gauldal folkehøgskule på Trøndertun i Melhus i 1919 og Rødde ungdomsskule i Melhus i 1920. Elevane søkte av mange grunnar heller dit. I dei siste åra var fleirtalet av elevane på Moholt frå Strinda, men her var vegen også open frå folkeskule til realskule, og det var lett for ungdommen å komme i handverkslære eller inn i arbeidslivet på andre måtar. Nedgangstid gjorde at stat og fylke såg monn i å dra inn løyvingar som dei ikkje var bundne til.

Skulekommisjonen skreiv i ei innstilling til fylkestinget i mars i 1927:

Den faste fylkesskole på Strinda har i de senere år hatt en forholdsvis liten søknad, hvorfor det spørsmål gjentagende har vært oppe til drøfting, om skolen enten burde legges ned eller flyttes til et annet sted i fylket. Som man



Elevbilde 1925 - 1926.

erindringer blev skolens bygninger sommeren 1925 benyttet som sykehus under tyfuspedemien, og da man mente at dette i høi grad vilde innvirke på søkningen til skolen i 1925-26, blev der fra fylkesskolestyret foretatt det nødvendige for å anbringe skolen på et annet sted i nevnte skoleår. Imidlertid viste det sig, tross alt, at søkningen til skolen på Strinda dette år blev så fyldig som den ikke hadde vært på lenge. Dette gledelige resultat gjorde at troen på en lysere fremtid begynte å vokse. Men troen på skolens fremtid viste sig dessverre å være et forfengelig håp, ti elevtallet ved 1926-27 års kurs viser atter

en sterk svingning nedover.

Komiteen er med fylkesskolestyret og fylkesmannen enig i at skolen nu inntil videre må nedlegges. Man må beklage at det skulde bli nødvendig å gå til dette skritt med en av fylkets egne skoler, men der er formentlig ingen vei utenom. Komiteen innstiller derfor til fylkestinget på et slikt vedtak: Den faste fylkesskolen på Strinda nedlegges inntil videre fra 1. juli 1927.

12 av medlemmene i fylkestinget var ordførarar og tidlegare elevar ved Amtsskolen, og det var med tungt hjerte at

fylketinget einstemmig slutta seg til innstillinga.

I den nest siste årsmeldinga frå Amtsskulen på Moholt skreiv Olav Vasseljen om skuleåret 1925-26:

Dette kurset var som ein merkepel i skulen si saga. Det var det 50. vinterkurset.

Skulen har vore dreve ubrote heilt frå 1876, da dei fyrste fylkesskulane kom igang.

I dei første 26 åra var skulen flyttbar, men frå 1902 har han vore fast i Strinda. Tek ein sumarkursa med, so har skulen i desse 50 år vore søkt av godt og vel 3000 elevar. Det er å vone at for ein del av elevane vart det som dei fekk på fylkesskulen ei drivfjor til vidare framgang i kunnskap og til vekking av interesse for det livskall dei skulde ta fatt på. Difor takk til dei som sette skulen i gang, og likeeins ein takk til dei som seinare syrgja for å halde skulen oppe og gi han vekst.

Til minne om skulen si 50-årige verksemd vart det den 19. og 20 juni i 1926 halde ei stemna på skulen. Fleire av elevane frå skulens fyrste kurs var møtt fram, dessutan ein stor flokk frå seinare kurs. Det vart sagt på stemna at vår ungdomsskule, slik han hittil har vore drive, har vore til stor gagn på so mange måtar for det norske folk, og at vi framleis har trong til å ha ei slik

skuleordning. Dette er og mi meining. Skulen kann nok utviklast, men grunn tanken må haldast oppe. Utforminga må kome etter kvart som tida krev det. Grunntanken for ungdomsskulen har vore: Ein skule for all norsk ungdom.

Liste over elevar ved siste vinterkurset på amtsskulen på Moholt 1926-27:

1. Kari Almaas f. 5.8 1909
2. Paul Brun, Strinda, f. 7.9 1909
3. Ole Dalen, Strinda, f. 1.12 1912
4. Eivind Haarsaker, Strinda, f. 12.2 1909
5. Asmund Jensen, Bjugn, 22.9 1910
6. Albert Ofstad, Horg, f. 13.6 1909
7. Knut Solstad, Flå, f. 7.9 1909
8. Aksel Harper, Strinda, f. 15.6 1910
9. Klaus Midtflaa, Flå, f. 18.3 1906
10. Erling Tangstad, Strinda, f. 9.4 1911
11. Nils Karholt, Strinda, f. 21.7 1912
12. Arild Viktil, Strinda, f. 11.11 1912
13. Arne Melhus, Strinda, f. 31.5 1911
14. Alma Jensen, Strinda, f. 22.11 1909
15. Reidun Haugan, Strinda, f. 20.1 1910
16. Sofie Jonassen, Steinsdalen, Osen, f. 10.4 1906
17. Signe Hegdal, Strinda, f. 18.9 1905
18. Ruth Hagen, Strinda, f. 21.2 1912
19. Lilly Nakken, Strinda, f. 18.8 1910
20. Sylvia Nilsen, Strinda, f. 25.11 1912
21. Odlaug Ofstad, Geitastrand, f. 9.8 1908
22. Aagot Presthus, Strinda, f. 1.8 1911

23. Margit Warø, Strinda,
f. 20.10 1911

24. Mohild Halvorsen, Strinda,
f. 24.12 1910

25. Ragnhild Norby, Strinda,
f. 6.4 1911

Det var 5 fjortenåringar, 5 femtenåringar, 5 sekstenåringar, tilsaman 15 mindreårige. Reglane krevde 17 år pr. 1. januar i skuleåret. Med så mange elevar under lågaldren, kunne fylket risikere å måtte ta heile kostnaden med skulen åleine, og dette våga ikkje fylkesskulestyret.

Etterbruk

I fylkestinget vart det i fleire år drøfta kva ein skulle gjera med dei ledige lokala etter skulen på Moholt. Eit forslag var å ta i bruk huset til husmorskule. Eit anna forslag var å rive det prektige huset og føre det opp att til fast amtsskule på Fosen. Ein komite vart sett ned i 1930 for å komme med endeleg forslag. Ein tenkte seg også at lokalet kunne komme til nytte under den store Trøndelagsutstillinga i Nidaros i 1930.

Resultatet vart at fylkets arbeidsskole vart lagt til Moholt frå 1. november 1934. I mellomtida hadde lokala vore leigd ut til tilfeldige formål.

Fylkesarbeidsskolen var ute av drift frå våren 1942 til hausten 1945, da bygningen under krigen var okkupert av den tyske krigsmakta. Skuleåret 1959/60 vart det siste året med fylkesarbeidssko-

le. Seinare vart bygningane brukt av det ordinære skuleverket.

Svanholm Begravelsesbyrå overtok hovedbygningen i 2000 og gjorde den om til seremonirom m.m. Den store verkstads-hallen vart overtatt av Den Evangelisk Lutherske Frikirke, som gjorde hallen om til ei moderne frikirke i 2000.

Epilog

Den flyttbare fylkesskulen for kystbygdene heldt fram som før, men vart frå 1951 kalla Fosen folkehøgskole. Denne skulen vart stasjonert i Rissa, etter hard dragkamp med Bjugn. Det nye skuleanlegget vart reist i 1961. Skulen er enno i 2010 i drift, og kan såleis seiast å vera den siste leivning etter Amtsskulen i Sør-Trøndelag.

Frå mellomkrigstida til 1980-åra dreiv Sør-Trøndelag fylke to flyttbare jordbruksskular, dvs. Jordbruksskulen for kystbygdene frå 1924 og Jordbruksskulen for fjellbygdene frå 1936. Artikkelforfattaren var rektor for den sistnemnde skulen frå 1971 til 1978, og har såleis røynsle med drift av slik flyttbar skule.

Kjelder

Søndre Trondhjems Amtsformandskabs forhandlinger, 1899 - 1927.

Holdhus, Olav, Berre, Bjarne: *Den norske folkehøgskulen, 1864 - 1939, 75-årsminne*, Noregs høgskulelærarlag, 360 s.

Nygård, Kristian: *Sør-Trøndelag fylkes-skole, 1876-1936*, Sør-Trøndelag fylke, 1936.

Nygård, Kristian: *Frå amtsskole til folkehøgskole. 75-årsskrift for fylkesskolen i Noreg*, Norges fylkesskolelærerlag, 1951- 1954.

Schmidt, Olaus: *Sør-Trøndelag fylkeskommune. Minneskrift i anledning av formannskapslovgivningens 100-årsjubileum, 1937*. Trondheim, 183 s.

Pettersen, Karl-Johan: *Et kort resyme gjennom 100 år. 1876-1976. Moholt videregående skole, Trondheim*. Utgitt av skolen. 34 s.

Styrarar og lærarar på Moholt

Styrarar:

Peter Dybdahl 1902 - 1910.

Johan Seland 1910 - 1915.

Olav Vasseljen 1915 - 1927.

Andre lærarar:

Johannes Kufaas 1902 - 1903.

Olav Vasseljen 1903 - 1915.

Alfred Buen 1916 - 1919.

Karl Ræder 1919 - 1923.

Sverre By 1923 - 1927.

Ola Storhaugen, f. 1931, Melhus, sivilagronom. Har siden 1982 utgitt en rekke lokalhistoriske bøker. Skriver i år om Strinda landbrukslag som blir 200 år i 2011.



Skolebygningen i 2010. Eier er nå Svanholm begravelsesbyrå. Foto: Knut L. Vik.